


MODALEN KOMMUNE



ØKONOMIPLAN 2017 – 2020

OG

ÅRSBUDSJETT 2017

**Vedteke i kommunestyret, 15.12.2016
KS-sak 073/2016**

1	GENERELLE RAMMER OG FØRESETNADER FOR BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANARBEIDET.....	4
1.1.	Lovreglar.....	4
1.2.	Organisering av arbeidet og vedtak.....	4
1.3.	Organisatoriske verkemidler og spelereglar.....	4
1.4.	Fordelingsfullmakter.....	5
2.	GENERELT OM KOMMUNEN SIN ØKONOMI, FØRESETNADER OG OVERORDNA MÅLSETTING.....	6
2.1.	Økonomi og generelle føresetnader.....	6
2.2.	Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026.....	6
3.	ØKONOMISKE FØRESETNADER FOR BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2017 – 2020.	7
3.1.	Føresetnader for inntektssida.....	7
3.1.1.	Innleing.....	7
3.1.2.	Eigedomsskatt.....	7
3.1.3.	Skatt og rammetilskot.....	8
3.1.4.	Kompensasjon for meirverdiavgift.....	9
3.2.	Føresetnader for utgiftssida.....	9
3.2.1.	Lønsvekst.....	9
3.2.2.	Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde.....	9
3.2.3.	Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift.....	9
3.2.4.	Avdrag.....	10
3.2.5.	Lånerente.....	10
4	BUDSJETTLØYVINGAR – AVDELINGANE – TALDEL - OVERSYN.....	10
4.0	Merknader til budsjettet for 2017.....	10
4.1.	Presentasjon einingane:	11
4.1.1	Rådmannen/sentraladministrasjon:.....	11
4.1.2	Kultur.....	14
4.1.3	Sosial og barnevern:.....	16
4.1.4	Skule.....	17
4.1.5	Barnehage.....	18
4.1.6	Pleie og omsorg.....	19
4.1.7	Kommunelege.....	20
4.1.8	Teknisk etat:.....	21
4.2.	Tabellar og oversyn:.....	23
	Små investeringar og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet.....	23
	Næring.....	23
	Budsjettskjema 1A/1B.....	25
	Økonomisk oversikt drift.....	27

5. INVESTERINGAR.....	29
5.1. Oversyn over investeringar – budsjettskjema 2B.....	30
5.2. Budsjettskjema 2A – Investering	30
5.3. Fondsmidlar og lånegjeld – utvikling	31
5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet.....	32
5.5. Utfyllande kommentarar til framlagt liste over prioriterte og uprioriterte småinvesteringar	35

1 Generelle rammer og føresetnader for budsjett- og økonomiplanarbeidet

1.1.Lovreglar

Kommunelova set dei lovmessige rammene for kommunen sitt budsjett og økonomiplanarbeid. Kommunen si plikt til å utarbeide og vedta budsjett for det kommande året er nedfelt i kommunelova § 45. Plikta til å utarbeide økonomiplan som minimum omfattar dei 4 neste rekneskapsåra, og foreta ei årleg rullering av økonomiplanen, er nedfelt i kommunelova § 44.

Føremålet med planane er å kartleggje kommunen sine økonomiske rammer i planperioden, og vise mål og oppgåver for kommunen i den same periode innanfor dei økonomiske rammene som kommunen har. Det er eit ufråvikeleg krav at inntektene og utgiftene for dei ulike åra i planperioden er i balanse.

1.2.Organisering av arbeidet og vedtak

Budsjetteringa har teke utgangspunkt i vidareføring av eksisterande driftsnivå, justert for kjente/vedtekne endringar, og ei målsetjing om at årleg netto driftsresultat over tid vert tilpassa investeringsnivået til kommunen, slik at handlefridomen vert ivareteken og at kommunen har buffer til å handtera evt uføresette endringar med negative konsekvensar.

I kommunestyremøte 22.09.16 informerte einingsleiarane om status, utfordringar, utviklingsoppgåver og endringsbehov innan sine tenestoområde. I formannskapsmøte 18.10.16 og 19.10.16 har det vore drøftingar av føresetnader for budsjettarbeidet med sikte på signal å ta omsyn til i utarbeiding av budsjettframlegget. I kommunestyremøte den 10.11.16 vart det orientert om formannskapet si budsjett-drøfting, og det vart lagt fram notat der administrasjonen orienterte om alternative vegval for saldering av budsjett og økonomiplan.

Etter avdelingsvis budsjettering og sentral samordning, vart det sendt ut eit budsjettframlegg frå rådmannen til politisk handsaming. Formannskapet handsama budsjettsaka i møte 22.11.16. Budsjettinnstillinga frå formannskapet låg til ålment ettersyn fram til kommunestyremøtet 15.12.16.

1.3.Organisatoriske verkemidlar og spelereglar.

Modalen kommune har hatt, og har god økonomi til å yta tenester for innbyggjarane i kommunen. Utviklinga peikar mot ein strammare økonomi, særleg grunna redusert inntekt frå eigedomsskatt i planperioden. Det er difor viktig med ei tydeleg prioritering framover, god økonomisk styring og at ein fokuserer på å få mest mogleg tenester ut av dei pengane ein løyver, samt at ressursbruken er i tråd med dei løyvingane kommunestyret har gjeve.

1.4.Fordelingsfullmakter

Kommunestyret gjev **rammeløyving** til følgjande område:

Rådmannen/sentraladministrasjon

Kultur

Sosial og barnevern

Skule

Barnehage

Pleie og omsorg

Kommunelege

Teknisk etat

(Sjå budsjettskjema 1B i tabell 4.2.2).

Desse rammene er absolutte, og endringar kan berre gjerast av kommunestyret. Den løpande oppfølginga av budsjettet på politisk nivå vert lagt til formannskapet. Likevel slik at det minimum to gonger i løpet av budsjettåret skal fremjast eigne saker til kommunestyret som omhandlar kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

I utøving av fordelingsfullmakta kan formannskapet ikkje fatte vedtak som er i strid med budsjett/økonomiplan fatta i kommunestyret.

2. Generelt om kommunen sin økonomi, føresetnader og overordna målsetting.

2.1. Økonomi og generelle føresetnader

Kommunen si inntekt kjem i hovudsak frå følgjande finansieringskjelder:

- Skatteinntekt inkl naturressursskatt
- Rammetilskot
- Skatt på eigedom
- Konesjonsavgift
- Øyremerka tilskot
- Gebyr/avgifter/brukarbetaling

Svært mykje av kommunen sin økonomi er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt utgjer samla nesten halvparten av driftsinntektene til kommunen. Andelen har i mange år vore aukande, men er dei siste åra no redusert som følge av redusert eigedomsskatteinntekt. Omlegging av inntektsystemet med auke av basistilskotet gjer at Modalen i 2017 får ein stor auke i sine rammeoverføringar. Dette kompenserer for redusert eigedomsskatt neste år. Prognosar signaliserer imidlertid ein vesentleg reduksjon av eigedomsskatt i økonomiplanperioden. Dette vil vere ei stor utfordring å handtere i åra som kjem. Den økonomiske situasjonen vil verte strammare, og det er viktig å setje i gang prosessar no for å finne tenlege løysingar.

2.2. Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026

Kommunen sine overordna målsetjingar er slik nedfelt i kommuneplanen:

1. Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu
2. Modalen kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester
3. Næringslivet i Modalen er tufta på god samhandling mellom fleire kompetansemiljø
4. I Modalen er område som fostrar fysisk aktivitet, og god folkehelse lett tilgjengelege for alle
5. I Modalen har ein fokus på eit effektivt og allsidig landbruk

Det årlege driftsbudsjettet og økonomiplanen skal leggje til grunn mål og prioriteringar som er vedtekne i kommuneplanen. Dette gjeld både når det gjeld aktivitetar i tenestemråda og utviklingstiltaka som kommunen planlegg å gjennomføre sjølv eller yte stønad til.

Modalen kommune har hatt ein økonomisk handlefridom som har gjort at kommunen til no har kunna løyst eksisterande og nye utfordringar til beste for innbyggerane i kommunen med stor kommunal eigeninnsats.

Inntektene i åra framover vil verte lågare, og det vil i enno større grad vere viktig at alle ledd i organisasjonen bidreg til ei økonomistyring som gjer at det til ei kvar tid er tilgjengeleg og tilstrekkeleg økonomisk handlefridom.

Dette vil òg setje krav til ei strengare politisk prioritering av driftskostnader, lokale stønadsordningar og investeringstiltak.

3. Økonomiske føresetnader for budsjett og økonomiplan 2017 – 2020.

3.1. Føresetnader for inntektssida

3.1.1. Innleiing

Ved utrekning av rammetilskot og skatt har ein tatt utgangspunkt i dei statlege føresetnadene slik dei er vist i KS sin prognosemodell oppdatert etter framlegg til statsbudsjett for 2017 frå regjeringa.

For skatt og rammetilskot er det lagt til grunn same realnivå som 2017 i dei 3 siste åra i planperioden (2018-2020).

3.1.2. Eigedomsskatt

Eigedomsskatt utgjer om lag 21,8 % av samla inntekt til kommunen. Andelen har gått ned grunna redusert eigedomsskatteinntekt. I 2014 og 2015 var andelen 26,6 % og 25,7 %.

For 2017 legg ein til grunn eigedomsskatt på kr 19,4 millionar.


Eigedomsskatt vert vidareført med 7 promille (lova sin maksimalsats) i 2017. Eigedomsskatten omfattar kun verk og bruk. Eigedomsskatten forfell til betaling i 2 terminar: 31.03 og 30.09.

Det er likningsverdiar (formuesverdi) som ligg til grunn for utrekning av eigedomsskattegrunnlaget på kraftproduksjonsanlegg. I samband med statsbudsjettet for 2012, vart det vedteke justeringar av maksimumsgrensa for eigedomsskattegrunnlaget. Denne endringa auka eigedomsskatteinntekta for åra 2013 og 2014. Største skatteobjektet (Steinsland kraftverk) ligg no i «korridoren» mellom minimum og maksimumsgrensa for betaling av eigedomsskatt. Då slår spotprisen for krafta særskilt ut i utrekningane. Siste åra har det vore svært låge kraftprisar. Dette har redusert inntektene frå eigedomsskatt på verk og bruk.

Endringar med auke av grunnrenteskatten i 2015 og 2016 har i tillegg gjeve lågare eigedomsskatt. Regjeringa har føreslege ein ytterlegare auke for 2017 som eventuelt også vil påverke negativt. Dette fordi det er ei kobling mellom dei to skatteartane ved at kraftselskapa er gjeve heimel til å trekke frå grunnrenteskatten i eigedomsskattegrunnlaget. Ein auke av grunnrenteskatten slik Regjeringa foreslår, betyr med andre ord ein redusert eigedomsskatt til kommunane.

I 2015 gjekk eigedomsskatteinntekta ned med kr 0,5 millionar i høve til 2014, og i 2016 gjekk inntekta ned med ytterlegare kr 1,2 millionar, målt i rekneskapstal for 2016. For åra 2017-20 er det lagt inn ytterlegare nedgang. Ein veit enno ikkje sikkert kva som vil verte faktiske storleikar for eigedomsskatten i dei seinare åra i planperioden, men på bakgrunn av BKK sine prognosar og kvalitetssikringar som er gjort i høve til dei, så er det stor sannsynlegheit for vesentleg reduksjon også i 2018-20, noko som vil gje ein strammare økonomi i åra som kjem. I 2017 er det venta ein reduksjon på kr 2,3 millionar i høve til 2016-rekneskapen.

Diagram: Utvikling eigedomsskatt 2013 til 2017 (årleg %-vis endring):




3.1.3. Skatt og rammetilskot

Inntekta i budsjettet for 2017 er rekna med siste prognosemodell frå KS, der føresetnadene frå statsbudsjettet er lagt inn. Rammetilskotet inkluderer både inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga mellom kommunane. Utgiftsutjamninga tek høgde for ulike behov mellom kommunane, medan inntektsutjamninga tek høgde for ulike skatteinngang mellom kommunane. Skatt og rammetilskot utgjer 49,3 % av samla budsjettet driftsinntekt for 2017. I 2014 og 2015 var andelen 44,0 % og 43,7 %.

Det kommunale skatteøyret vert sett til maksimalsats ved kommunelikninga for 2017.

Det er lagt til grunn eit rammetilskot på kr 20,2 millionar og skatteinngang på samla kr 23,7 millionar, inkl naturressursskatt, for 2017.

Oversynet under viser årleg prosentvis endring i skatt og rammetilskot samla frå 2013 til 2017.



Kommunane har fått ei realstyrking av dei frie inntektene i statsbudsjettet for 2017.

Det er lagt opp til at styrkinga skal gå til å dekke:

- Auka utgift som følge av demografi (folketal og samansetjing)
- Pensjonsutgifter
- Samt at deler av auken kan knytast til følgjande satsingsområde:
 - Tidleg innsats i grunnskulen
 - Opptrappingsplan for rehabilitering og habilitering
 - Satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta

3.1.4. Kompensasjon for meirverdiavgift

Mva-kompensasjon frå mva-utgift i driftsbudsjettet for 2017 er lagt inn med kr 2,7 millionar.

Mva-kompensasjon frå mva-utgift i investeringsbudsjettet 2016 er lagt inn med kr 0,4 millionar.

3.2. Føresetnader for utgiftssida

3.2.1. Lønsvest

KS har rekna årslønsvestken frå 2016 til 2017 for arbeidstakarar i hovudtariffavtalen kap 4, til å verte 2,2 %. Dette er lagt til grunn i lønsbudsjetteringa

3.2.2. Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde

Godtgjering for ordførar, varaordførar og folkevalde er budsjettert i høve gjeldande reglement.

3.2.3. Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift

Modalen kommune har avtale med KLP om pensjonsforsikring for alle tilsette utanom lærarane, som er forsikra i Statens pensjonskasse.

Budsjettføresetnadene er gjort med bakgrunn i prognosar gjeve av pensjonsleverandørane.

Pensjonspremie	KLP 19,3 %
Pensjonspremie	SPK 10,25 % (Lærarar)

Arbeidsgjevaravgifta er rekna med 13 % av lønspostane inkl. pensjonspremie.

3.2.4. Avdrag

Modalen kommune legg ikkje opp til nye låneopptak i 2017. Budsjettert avdrag vert sett til kr 1,5 millionar, same nivå som 2016. Dette er godt over kravet til minimumsavdrag etter kommunelova. Lånegjelda vil pr 1.1.17 vere om lag kr 18,9 millionar utanom formidlingslån.

3.2.5. Lånerente

Lånegjelda har flytande rentevilkår. Flytande pt rente i Kommunalbanken er pr dato 1,80 %.

4 Budsjettløyvingar – avdelingane – taldel - oversyn

Formannskapet handsama sak om budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 i møte 22.11.16. Endeleg vedtak vart gjort i kommunestyret 15. desember. Budsjettet for 2017 vil ha ei bruttoramme (samla driftsinntekt) på omlag kr 89,0 millionar, med eit netto driftsresultat på om lag kr 5,8 millionar, noko som utgjer 6,5 % av driftsinntekta. Kr 1,5 millionar av inntekta gjeld premieavviksinntekt. Den inntekta skal amortiserast/utgiftsførst over dei neste 7 åra.

Modalen kommune har hatt ein solid økonomi og god handlefridom, men tendensen til svakare resultat har medført eit ekstra fokus på driftsresultatet. Nye utfordringar og press på økonomien kjem i stor grad frå redusert eigedomsskatteinntekt. I tillegg vil me få vesentleg reduserte inntekter for sal av tenester til Vaksdal kommune innan pleie og omsorg frå 2017. Det er viktig å halda netto driftsresultat på eit høgst mogleg nivå for å kunne ha buffer mot endringar i rammevilkåra for kommunen, samstundes som investeringsnivået over tid er tilpassa resultatet frå drifta, og ein opprettheld høvet til å eigenfinansiera investeringane i størst mogleg grad.

Det er viktig å vera merksam på utviklinga i driftskostnadene og inntektene, slik at økonomien vert styrt til beste for kommunen og innbyggjarane. Å ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar er nødvendig, slik at ein kan sikra at det er høve til å få på plass nødvendig infrastruktur mv som ofte vil ha høg kostnad i høve til talet på brukarar/innbyggjarar.

4.0 *Merknader til budsjettet for 2017*

Budsjettvedtaket for 2017 tek utgangspunkt i driftsnivået som har vore i 2016. Der det er avvik/endringar går dette fram av kommentarane i budsjettdokumentet.

I formannskapsmøta den 18. og 19. oktober vart den økonomiske situasjonen og grunnlaget for driftsbudsjettet for neste år og økonomiplanperioden 2017-2020, drøfta.

I etterkant av møtet har rådmannen gjennomført og slutført den administrative prosessen.

I arbeidet med budsjettet har rådmannen lagt opp til ein grundig gjennomgang frå dei budsjettansvarlege innan ulike ansvars og tenestemråde. Dette inkluderer eit auka fokus på å budsjettere inntektene innan ulike ansvars- og tenestemråde slik at dei samsvarar best mogleg med tidlegare rekneskapstal og forventa inntekt neste år.

4.1.Presentasjon einingane:

4.1.1 Rådmannen/sentraladministrasjon:

Rådmannen

Rådmannen har det overordna ansvaret for heile kommunen. Rådmannen skal syta for at sakene vert førebudd før politisk handsaming og for at politiske vedtak vert sett i verk. Sidan 1. januar 2013 har den administrative organiseringa vore ein modell med to nivå. Denne modellen har fungert godt. Leiarane for dei einskilde einingane har ansvar for sine område innan økonomi, personal og fag og rapporterer direkte til rådmannen.

Rådmannen har det overordna og samla budsjettansvaret. Det direkte og faglege ansvaret vert ivareteke av økonomisjefen som kommunen deler med Osterøy kommune. Rådmannen har direkte ansvar for dei delar av budsjettet som er meir sektorovergripande med særleg vekt på dei politiske organa, IKT, kommunekasserarfunksjon og næringsutvikling. Etter den administrative omorganiseringa er tenestene for sosial/NAV og barnevern også lagt til rådmannen.

Hausten 2016 er det gjennomført mindre organisatoriske endringar ved nytilsetting og etter permisjon. Del av stillinga, som kultur og utviklingssjef, erstattar tidlegare delstilling som rådgjevar. For å styrkje kommunen sin fokus på digitalisering av intern og ekstern kommunikasjoner er stillinga som IKT/økonomi rådgjevar no knytt til kunde- og servicetorget, men og til å utføre oppgåver ved kommunkassa. Dette vil gje overlappende kunnskap til utføring av ulike oppgåver ved sjukdom og ferie.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det overordna ansvaret for arbeidsmiljøet og personalpolitikken som er viktig i alle organisasjonar. Omorganisering, som er gjennomført, er både med å tydeleggjer ansvaret og styrkjer personalarbeidet på einingsnivået. Midlar til kjøp av tenester frå Bedriftshelsetenesta er sett av til å gjennomføre ulike tiltak som vert planlagt for 2017. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Tilskotet til Mo sokn (kyrkja) inngår i ansvar 1000 rådmannen. For 2017 vart det søkt om kr 1 076 400 i tilskot til drift (3,5% auke i høve 2016). Det er då budsjettert med kr 66 400 til avsluttande malararbeid på kyrkja.

For 2016 vart det søkt om eit ekstra tilskot til maling av kyrkja med kr 120 000. Malingsarbeidet var totalt rekna til kr 150 000, men kr 30 000 var tenkt dekkja innan det ordinære tilskotet. For 2016 rådde rådmannen til at tilskot i 2016 vart auka til kr 1 040 000, men då føreset at malingsarbeidet av kyrkja (inkludert ekstra kr 120.000) vart utført og finansiert gjennom driftstilskotet for 2016 og bruk av eigne fondsmidlar.

Driftstilskotet til Mo sokn har auka vesentleg over dei siste åra. Auken som har vore utgjerd ein større vekst enn kva som har vore for kommunale einingar. I rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 er det føreslege ei innstramming i framskrevne rammer for kommunale einingar. På bakgrunn av dette samt dei føresetnader som vart lagt til grunn for kommunestyret sitt vedtak om tilskot til Mo sokn for 2016 kan ikkje rådmannen rå til ein auke i tilskotet som omsøkt.

Kommunen skal også betale tilskot til andre trusamfunn basert på tilskotet til kyrkja. Dette vart innarbeida i budsjettet frå 2015.

Vedteke tilskot for 2017 vert like stort som for 2016 - kr 1 040 000, men føreset at malingsarbeidet av kyrkja vert fullført gjennom driftstilskot og bruk av egne fondsmidlar.

Godtgjering til ordføraren og alle folkevalde vert belasta ansvar 1000 Rådmannen. Budsjettet er justert i samsvar med gjeldande reglement. Dette gjeld òg kostnader til frikjøp og refusjon av tapt arbeidsforteneste for folkevalde.

Tilskot til fordeling mellom politiske parti er avsett med kr 10 000 då det synes ikkje å vere stor trong til politisk arbeid utover frikjøpsordningar og godtgjerdsel etter revidert reglement.

Det er i 2017 sett av midlar til gjennomføring av stortingsval.

Det er innarbeida kostnader til drift og tiltak i regi av ungdomsrådet på nivå som for 2016.

Stillingsressurs: Rådmannen: 100 %. Assisterande rådmann: 100 %
Utviklingssjef: 50%. Administrasjon /arkiv/ kundetorg: 250 %

Fellesfunksjonar:

Lærlingeordning: Det vert i løpet av 2017 planlagt å auke talet inntil 3 læreplassar som inngår i den kommunale tenesteproduksjonen.

Seniortiltak: Ordninga er føresett vidareført.

Kommunekasserar

Oppgåvene til avdelinga omfattar rekneskapsføring og årsavslutning, remittering/rekningsbetaling, fakturering og oppfølging, løn og fråvær, budsjett og budsjettoppfølging, eigedomsskatt, samt støtte og rådgeving for avdelingane.

Stillingsressurs: Økonomikonsulent: 100 %

Modalen kommune har avtale om kommunekasserarfunksjonar med Osterøy kommune. Avtalen er oppseieleg med 6 månaders varsel før nytt årsskifte. Skatteoppkrevjarfunksjonen, som også omfattar kontroll, vert ivareteke etter avtale med Nordhordland Kemnerkontor som ei fellesløyising for kommunar i Nordhordland.

Rådgjevar IKT og økonomi

Til stillinga har det lagt eit koordineringsansvar for kommunen sitt ansvar i høve felles IKT-drift i Nordhordland. Utifrå endra behov er arbeidsoppgåvene også endra med ansvar for

planlegging/ gjennomføring av interne prosjekt, koordinering av oppgaver med innkjøp, og økonomioppgaver for kommunekasserar. Stillinga er no administrativt lagt inn under leiar for kunde- og servicetorget. Dette for betre å ivareta og samordne dei ulike oppgaver som er lagt til kundetorget som eit sentralt dokument- og servicesenter for kommunen.

Det interkommunale IKT samarbeidet i Nordhordland med Osterøy som vertskommune har gjeve gode resultat for alle kommunane. Samarbeidet har styrka tenestene og ein ser god nytte av dette samarbeidet både for utføring av tenester, innkjøp, driftstryggleik og utviklingsoppgåver.

Til vår del av IKT Nordhordland sine driftskostnader for 2017 er det sett av kr 958.000. I tillegg kjem kostnader for ulike lisensar og ulike projektkostnader.

Det er lagt inn årlege kostnader for redundans i fibernettet.

Innan IKT-budsjettet har vi no samla alle føringar av kostnader relatert til IKT (drift, investeringar, serviceavtalar og lisensar) for alle einingar og sentraladministrasjon samt kostnader til kopimaskiner og telefoni. Innan dette budsjettområdet vert også alle inntekter og kostnader til drift og vedlikehald av fibernettet ført. Dette gjev ei god styring og kontroll.

Budsjettet tek omsyn til å vidareføre tilbod og kvalitetsnivå som vi har i dag slik at vi kan samhandle og vere på eit kvalitetsnivå med samarbeidande kommunar.

50% av lønnskostnad er flytta frå ansvar 1400: IT-konsulent til ansvar 1000: Rådmann.

Næringsutvikling

Kultur og utviklingssjef vil i samarbeid med rådmann ivareta denne funksjonen i organisasjonen. 20% av lønna til stillinga vert delfinansiert ved bruk av midlar frå næringsfondet.

Ved behov vil vi kjøpe inn konsulenttenester til å ivareta særskilte prosjektoppgåver, men midlar i driftsbudsjettet til kjøp av konsulenttenester er vesentleg redusert. Ved behov utover avsette midlar vert det lagt til grunn prosjektfinansiering av aktuelle tiltak med løyvingar frå næringsfondet.

Tiltak til næringsutvikling er viktige for å utvikle kommunen som ein god stad å bu og arbeide i. Det er sett av midlar i budsjett/økonomiplan til næringsutvikling (tilskot og lån frå næringsfondet). Likeeins er det sett av midlar til bustadtilskot finansiert av næringsfondet basert på normal aktivitet i 2016. Dersom signaliserte større prosjekt innan landbruk og anna næring skal gjennomførast med betydelege midlar frå næringsfondet i 2016 kan dette sprengje dei avsette rammer.

Flyktningar

Driftsbudsjett for 2017 skal finansiere oppfølging av dei 12 flyktningane som kom i 2016. Ein legg til grunn i budsjetteringa at utgiftene samsvarer med det ein får i tilskot frå staten til flyktningearbeidet.

Ordinære tenester innan helse, barnehage og skule skal ivareta også desse innbyggjarane innan einingane sine driftsbudsjett. Ved særskilte behov kan tilskotsmidlar verte overført til einingane. Det statlege tilskotet fordeler seg over 5 år frå og med busetjingsåret. Tilskotet skal, i tillegg til å dekke kommunen sine kostnader med busetjinga, sikre inntektsgrunnlaget til flyktningane dei 2 fyrste åra. Me lager prosjektrekneskap på dei tenesteområda som er knytt til flyktningearbeidet for å kunne få eit heilskapleg bilete av inntekter og utgifter over fleire år.

Kalkingsanlegg

Budsjettmessig har ansvar for investering og oppstart av drift i 2016 lagt under rådmannen sitt ansvar og rammeområde. I 2017 vert dette flytta over til teknisk sjef sitt budsjett. Både drift av anlegget og investeringane er fullfinansiert med midlar frå staten og eventuelt ved ein mindre bruk av fondsmidlar til fiske og vilt som BKK årleg betalar. Kommunen står som eigar av anlegget og har ansvar for drifta etter særskilt avtale med staten.

Rådmannen - Mål for 2017:

- Gjennomføre ei tett oppfølging av og samordne tilrettelegginga for dei flyktningane kommunen har teke imot i 2016, og førebu mottak av inntil 5 nye flyktningar i 2017.
- Innan 1.6. evaluere næringsfondsvedtekter samt revidere Strategisk næringsplan, og utarbeide sak til handsaming i kommunestyret.
- Gjennomføre felles samarbeidsprosjekt gjennom IKT-Nordhordland for digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon frå/til kommunen. Halde fram utviklinga av kundetorget til eit dokument- og servicesenter for alle einingar i kommunen der prosjektet «Svar-Ut» er teke i bruk i løpet av 1. halvår.
- Delta i felles prosjekt for å etablere ei ny heimeside tilrettelagt for auka bruk og med betre funksjonalitet for digital kommunikasjon med innbyggjarar, næringsliv og andre brukarar av kommunale tenester.
- Framforhandle avtale om å integrere brannvernet i Modalen som del av Lindås og Meland brann og redning i løpet av 2017.

4.1.2 Kultur

Kulturavdelinga

1. september 2016 vart det tilsett ny kultur- og utviklingssjef som ansvarleg for kulturavdelinga. Avdelinga har også eit ansvar for idretten, frivillig arbeid og friluftsliv. Kulturarbeidet skal nå fram til alle grupper i kommunen uavhengig av alder og behov.

Stillingsressursar

Avdelinga har kultursjef i 50 % stilling, biblioteksjef i 40 % stilling og driftssjef for Bryggjeslottet i 100 % stilling. I tillegg vert det for 2017 eigen tilsett i 20 % stilling med ansvar for barne- og ungdomsarbeid. Bryggjeslottet disponerer ekstrapersonell som syt for at huset kan ha eit godt tilbod både på dagtid, kveldstid og i helgar/feriar.

Oppgåver og arrangement

Kultursjefen har det overordna ansvaret for kulturfeltet i kommunen, inkl. biblioteket og Bryggjeslottet. Hovudoppgåver utover dette er knytt til tildeling av tilskot (kulturaktivitetar

og kulturminnevern), ulike arrangement som Modalsdagane, Modalsmarknaden, Barna sin dag, konsertar og kulturelle aktivitetar som både lokale og omreisande tilbydarar deler med oss.

Kulturavdelinga har delansvar for kommunen sine stiar/turvegar og at desse vert tekne i vare. Det gjer me i samarbeid med gode frivillige krefter blant kommunen sine innbyggjarar. Her har idrettslaget (MIL) vore sentral.

Kommunen sin turistinformasjon vert organisert med utspring frå oss. Det inneber m.a. informasjonsmateriell på papir og nett.

Satsing 2017

Modalen kommune tilset for 2017 ein person i 20 % stilling som skal ha ansvar for barne- og ungdomsarbeidet vårt. Dette skal styrke tilbodet for denne gruppa utover skuletid og andre kulturtilbod. Det ligg ein eigenverdi å satse på barn og unge både når det gjeld det dei *er* for kommunen, samt det dei skal vere i framtida. Gjennom aktivitet og deltaking styrkar me m.a. lokaldemokrati og tilhøyre til samfunnsutviklinga. I den samanhengen må også *ungdomsrådet* trekkjast fram! Deira engasjement for kvarandre og det som går føre seg innanfor politikk og samfunn i Modalen er særskild viktig.

Avdelinga meiner det er vil vere fornuftig å starte arbeidet med å utarbeide ein *kulturplan*. Gjennom ein plan sikrar me felles innsats rundt prioriterte område som skal gje god utvikling på kulturområdet i åra framover. Kommunen vår har få innbyggjarar. Det er difor aktuelt å ha planar som omfattar fleire tema. Ein felles plan for kultur, idrett og friluft vil kunne vere eit godt utgangspunkt.

Prioriteringar

I arbeidet med å fordele tilskot til den frivillige delen som produserer kultur, vil me løfte fram alle dei flotte laga, organisasjonane og einskildpersonane som gjer uvurderleg innsats. Kulturavdelinga har ein avgrensa sum som skal fordelast. Me ynskjer at tilskota skal femne breidt og at dei skal setje laga/org. i stand til å skape meirverdiar for innbyggjarane våre. Me vil prioritere arbeid retta mot barn og unge. Me vil legge til at støtte også kan ytast i andre former (organisering, rådgjeving, samarbeid, utstyr/materiell, marknadsføring m.m.) dersom ynskjeleg.

Gjennom tilskotsfordelinga vil me også vise at me har **forventningar** til det flotte arbeidet som skal gjerast – at me har tru på at arbeidet deira er viktig!

Innanfor kulturminnevern har kommunen hatt eit godt styringsdokument i *kulturminnevernplanen* frå 2000. Kommunen har gjennom denne ordninga sikra høg grad av ivaretaking av ulike bygg nemnt i planen. Me opprettheld denne prioriteringa også for 2017. I tillegg vil avdelinga syte for nyopprett av Bygdebok band 2. Dette er eit stort økonomisk løft me vurderer som viktig for ivaretaking og utvikling av Modalsssamfunnet.

Modalsdagane har vore eit viktig arrangement for kommunen. Likevel er det slik at ein ved jamne mellomrom bør gjere vurderingar knytt til innhald/form. For 2017 vert det viktig å sjå kva endringar kommunen og dei ulike bidragsytarane ser føre seg for framtidige Modalsdagar. Kva vil me ha meir/mindre av, evt. annleis?

Avdelinga ynskjer seg eit godt samarbeid med dei ulike som driv verksemd retta mot reiseliv og opplevingar (natur, kultur m.m.). Me vil søkje å vere ein god samarbeidspart *utover* tilskotfordelinga. Det vil kunne gjelde å bidra med råd, utstyr/materiell, marknadsføring m.m.

Biblioteket

Opningstida for biblioteket er 3 dagar i veka, 5 t/dag. Skulen er ein aktiv brukar folkebiblioteket sine tenester. Biblioteket samarbeider også med barnehagen og kulturkontoret om «Den kulturelle skulesekken», forfattarvitjingar, barneteater, utstillingar, konsertar og kulturkveldar. Me ynskjer å styrke biblioteket si rolle framover m.a. gjennom å vurdere moglege nye vegar for å auke besøk og utlån.

Biblioteket skal vere ein av dei viktigaste møtestadane i Modalen. Her skal ein kunne drøfte, oppleve, fordjupe seg og møte andre innanfor ei ramme som m.a. har demokratibygging som mål.

Bryggjeslottet

Bryggjeslottet er sentral i kommunen sine mange kulturarrangement; konsertar, revyar, marknad, kunstutstillingar m.m. I tillegg husar bygget basseng, idrettssal, treningsrom m.m. Ulike lag og org. nyttar bygget til varierte føremål. Huset er godt besøkt, men har eit potensial for å kunne nyttast meir og med større spennvidde.

Drifta for 2017 vert i stor grad som i 2016. Me har likevel gjort nokre mindre endringar for å redusere kostnadar utan at dette skal gje særlege utslag korkje for tilbodet eller ivaretaking av bygg/anlegg. Personalressursen er ikkje endra.

Bygget er godt vedlikehaldt gjennom løpande innsats. Inntektene for 2016 (pr. 01.09.16) tilseier at ein må redusere forventningane noko på dette punktet. Dette er justert for i budsjettet m.m. gjennom forsiktig prisauke på nokre av tenestene Bryggjeslottet leverer.

Mål for kulturavdelinga 2017

1. Setje i gang arbeidet med ny kulturplan for Modalen kommune innan 01.06.
2. Evaluere bruken av tilskot til lag og organisasjonar for 2015 og 2016, samt lage ein oversikt over resterande stønadsordningar kulturavdelinga er ansvarleg for innan 01.04.
3. Evaluere bruken av Bryggjeslottet med fokus på å finne nye aktivitetar og tilbod innan 01.10.

4.1.3 Sosial og barnevern:

Tenestene NAV- sosial, edruskap og barnevern er organisatorisk lagt direkte under rådmann/sentraladministrasjonen.

Barnevern:

Me har for tida ein avtale med Vaksdal kommune om at dei skal ivareta vårt barnevern. Dette inneber at barnevernsleiar i Vaksdal kommune også er barnevernsleiar i Modalen kommune. Avtalen vart reforhandla og godkjent av kommunestyret i 2012, og varer ut 2017. Talet saker har variert mellom 3-5 dei siste åra.

Edruskapsvern:

Kommunen skal i medhald av sosialtenestelova rettleia og iverksetja hjelpetiltak overfor den enkelte til å koma bort frå misbruk av rusmiddel. Det er avgrensa etterspurnad etter slik hjelp, og talet på saker har lagt mellom 0-1 pr år. I saker som omhandlar edruskapsvern samarbeider NAV med psykisk helseteneste.

Sals- og skjenkeløyve:

Rusmiddelpolitisk handlingsplan vart vedteken i 2013. Kommunen har inngått avtale med privat skjenkekontrollør for tilsyn og kontroll av sals og skjenkestadene. Me har i dag 2 butikkutsal og 1 skjenkestad for alkoholhaldig drikke i kommunen. I tillegg har Bryggjeslottet løyve til å skjenka slutta lag. Rådmannen har delegert fullmakt til å tildele ambulerande løyve og einskidløyve. Noverande sals og skjenkeløyve varer ut juni 2020.

NAV / Sosial:

Modalen kommune har i dag eit samarbeid med NAV Masfjorden om drift av NAV kontoret i Modalen. Kontoret er ope tysdagar. Det er sakshandsamar ved kontoret ca 2 dagar pr veke. Økonomisk sosialhjelp inngår som ein del av tenestetilbodet på NAV kontoret. Talet brukarar som treng økonomisk hjelp har auka. Det er i dag fleire brukarar som er avhengige av sosialhjelp over tid.

Stillingsressurs: 60 % (40 % statleg, 20 % kommunal)

NAV / Sosial - Mål 2017:

- Utvikle fagsystem sosial slik at ein får nytta potensialet i systemet
- Vurdere interkommunalt samarbeid om skjenkekontroll
- Avklare barnevernsamarbeid frå 2018

4.1.4 Skule

Rektor ved Mo skule er ansvarleg for dette rammeområdet. Ansvarsområdet omfattar grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæring på grunnskulenivå og kulturskulen. I tillegg har rektor det kommunale skuleansvaret som ein del av stillinga. Frå 2016 har rektor også ansvaret for opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne flyktingar.

Grunnskulen

Alle elevar frå Eidslandet i Vaksdal kommune går framleis på Mo skule. Avtalen gjeld for eit år om gongen fram til den vert sagt opp av ein av partane. Frå august 2016 betaler Vaksdal kommune kr 91.200,- pr elevplass pr. år. Dette er i tråd med satsar for gjesteelevar i Hordaland fylke. Frå hausten 2016 har Mo skule òg elevar som er busette flyktingar i kommunen.

Elevtal:	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>
	57	66	74(19)	71(16)	74(17)	72(17)	79(16)	77(15)	86(20)	81(19)

(Tala i parentes viser elevtalet frå andre kommunar som inngår i det samla elevtalet.)

Kulturskulen: Kulturskulen i Modalen er lokalisert til Mo skule. Kulturskulen gjev tilbod innan musikkopplæring på eit breitt utval av instrument. I tillegg vert det arrangert kortare kurs innan andre kultur/uttrykksformer. Hausten 2016 er det 23 elevar påmelde i kulturskulen. Elevar som deltek på kortare kurs kjem i tillegg.

SFO er organisert med opning før og etter ordinær skuletid som tidlegare. Elevar i 1.-4.klasse har SFO inne i skuletida dei dagane dei har korte undervisningsdagar. Dette tilbodet vert gjeve utan foreldrebetaling, då det ikkje er sett opp skuleskyss etter undervisningsslutt for desse elevane.

Born i SFO:	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>
	16	11	23	25	32	28	28	31	37	32

Vaksenopplæring

Frå hausten 2016 tilbyr Modalen kommune vaksenopplæring i norsk og samfunnsfag for busette vaksne flyktningar. Undervisninga er lagt til Mo skule. Pr 1.januar 2017 er det planlagt 6 elevar i denne opplæringa.

Stillingsressurs: 18,32 årsverk

PPT:

Pedagogisk psykologisk teneste vert kjøpt frå Vaksdal kommune. Avtalen gjeld ut 2017. Budsjettmessig vart dette lagt inn under Mo skule frå 2014.

Rektor Mo skule: Mål 2017

- Halda fram arbeidet med skulebasert kompetanseutvikling og vidareutvikla Mo skule som ein lærande organisasjon.
- «Mot tilpassa og inkluderande opplæring for alle», vidareføra arbeidet med tilpassa opplæring innfor rammene for ordinær opplæring
- Fokus på tidleg innsats.

4.1.5 Barnehage

Modalen barnehage er ein 2-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-3 år og 3-6 år. Styrar er ansvarleg for rammeområdet.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Born busett i andre kommunar kan nytta plass i barnehagen så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen.

Våren 2017 vil det vere 28 born i barnehagen, der 9 av borna kjem frå andre kommunar. Bemanninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm.

Bemanningsnorma i Modalen barnehage er sett til 1 vaksen pr. 5 born (born under 3 år tel for 2).

Barnetal:	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>
	28	36	36	37(7)	32(6)	34(9)	34(9)	31(8)	21(6)	21(5)	28(9)

(Tala i parantes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.)

Stillingsressurs: 9,37 årsverk.

Utviklingsmål for Modalen barnehage 2017

- **Implementering av VIGILO**
Vigilo er eit IKT verkty som blant anna samlar barnehagen sine daglege rutiner og nyttig informasjon på ein stad. Den gjev personalet ei komplett oversikt over born. Meldingskommunikasjonen mellom foreldra og barnehagen vert gjort enklare.
- **Ta i bruk og gjere seg kjent med ny rammeplan som kjem hausten 2017.**
Ny rammeplan for barnehagar ligg no ute på høyring. Endeleg versjon kjem ut hausten 2017. Ein vil i løpet av 2017 jobba med å setja seg inn i endringar og iversetja endringar som må til for å fylgje den nye planen.
- **Arbeide med resultatata frå brukarundersøkinga**
UDIR har utarbeida ein gratis brukarundersøking, der foreldre kan sei si mening om barnehagetilbodet, barnas trivnad og samarbeidet mellom heim og barnehage. Dette er eit ledd i kvalitetsikringa av barnehagar. I 2017 vil me gjennomgå resultatata av undersøkinga og gjer oss nytte av dei i det vidare evaluering og planleggingsarbeidet i barnehagen.

4.1.6 Pleie og omsorg

Modalstunet har totalt 16 sjukeheimplassar. Etter at Vaksdal kommune gjekk ut av samarbeidet ser det ut til at pasienttalet stabiliserer seg på 6-8 plassar, korttidsplassar / avlastning inkludert. Dette er over dei normtal staten set for behovet dei komande år til eldre over 80 år i Modalen. Me vil ikkje ha sikre inntekter med utleige av plassar, og der er ingen kommunar som viser interesse for å leige plassar. For å få ro og stabilitet rundt drifta meiner rådmannen at det no er tid for å dimensjonere tilbodet til kommunen sitt eige behov. Dette betyr at ein må redusere aktiviteten i 2017.

Ei arbeidsgruppe arbeider no med å tilpasse nivået på drifta til 6-8 plassar. Her er det viktig å sjå moglegheter i form av endring av tenesta, og korleis nytte kompetansen for å kunne oppretthalde god kvalitet i tenesta framover. Det er ikkje budsjettert med sal av plassar til andre kommunar i 2017.

Me har i 2016 fått ein auke i innbyggjarar som har fått tildelt helseteneste og praktisk bistand i heimen. I tillegg er det auke i tildeling av tryggleiksalar, totalt 7 aktive i 2016. Det er eit auka behov for psykiatritenester som pleie- og omsorg skal gje teneste til. Dette gjev utfordringar i høve bemanning, spesielt kveld/helg.

Samhandlingsreforma som vart innført i 2012, gjer at me får pasientar tidlegare tilbakeført frå sjukehus enn før. Det vert no utført meir behandling på institusjon og i heimetenesta, som tidlegare vart utført på sjukehus. Ved behandling av desse pasientane, er det nye medikament og utstyr som er kostbare og nye prosedyrar som personalet treng opplæring i for å kunne gje optimal teneste i eigen kommune. Innkjøp av utstyr for å gje den behandlinga som trengst kan og gje ekstra kostnader.

I 2014 vart elektronisk meldingsutveksling mellom kommunelege/Helseforetaka i Bergen og pleie- og omsorgstenesta innført. I 2015 har me innført meldingsutveksling med Helse Førde, Helse Fonna, Helse Stavanger. I tillegg kjem Oslo Universitetsjukehus som samarbeidspartnar

i løpet av 2017. I 2016 har Knarvik ØHD (Øyeblikkeleg hjelp døgnplassar) og vorte etablert som samarbeidspartnar med pleie-og omsorg . I tillegg er det innført elektronisk meldingsutveksling mellom Helseforetaka og psykiatritenesta. Helsestasjonen er neste samarbeidspartnar i høve elektronisk meldingsutveksling. Kvar einskild sjukepleiar har fått delegert mynde til å handtere desse meldingane. Me har tidsfristar for å svare på meldingane frå sjukehuset. Kommunen har krav om sjukepleiekompetanse 24 timar i døgeret. Dette er med å påverke kostnadane til drift av pleie- og omsorgstenesta i åra framover. Avtale om samarbeid i høve øyeblikkeleg hjelp- plasser er inngått med Nordhordlandskommunane.

Pleie- og omsorg starta med tilbod til heimebuande demente i mars 2013, og tilbodet er framleis i drift i 2016. Ein sjukepleiar og ein aktivitør/miljøarbeidar er ansvarleg for tilbodet. Tilbodet er lagt til rette slik at også andre eldre i kommunen kan delta. Tilbodet har fått stor interesse, og tilbodet har i 2016 auka til 14 eldre. Tilbodet er ope annakvar onsdag, der dei eldre vert henta med bil av personalet og får servert frukost på Modalstunet. Intensjonen er at brukarane møtes i eit sosialt fellesskap, som gjev dei livskvalitet og meistring til å bu lengst mogleg heime. Det vert erfart at det og er eldre som ikkje ynskjer å ta del i eit fellesskap gjennom dette tilbodet i kommunen. Det vil vere viktig å drive førebyggjande helsearbeid i kommunen. Dei heimebuande som ikkje ynskjer delta , vonar me å kunne gje eit tilbod i eigen heim med besøk/aktivitet, og då i samarbeid med lege og fysioterapeut i åra som kjem med oppstart i 2017. Kvardagsrehabilitering vil kunne førebyggje einsemd og depresjon hjå den eldre. Me vil søkje Helsedirektoratet om tilskot også for 2017. Tilbodet er planlagt vidareført i åra som kjem, og samstundes utvide det til å møte den eldre i eigen heim.

Stillingsressurs: 17,8 årsverk

Pleie og omsorgstenest: Mål 2017

- Arbeide målretta mot reduksjon i sjukefråver.
Arbeidsgruppe, som er sett ned etter kartlegging av arbeidsmiljø fortset med møte kvar 6 veke. Kvar månad iverksetje tema som er utfordringar på (kommunikasjon, informasjon, samarbeid mm.
Frist: Kontinuerleg gjennom året.
- Utvikle gode kvalitetssystem (rutiner) i ny organisasjon, gjennom auka myndiggjering av tilsette.
Frist : 15.06.2017
- Faglege innspel på personalmøte kvar 6 veke (dokumentasjon mm).
Frist: Kontinuerleg gjennom året
- Gjennomføre førstehjelpskurs i regi av Røde Kors eller bedriftshelsetenesta
Frist: 30.05.2017

4.1.7 Kommunelege

Kommuneoverlegen har ansvaret for helsetenestene i kommunen. Dette omfattar legetenesta, helsesøstertenesta, fysioterapitenesta og psykisk helseteneste. Kommunelegen har også ansvar for smittevern, miljøretta helsevern og er kommunen sin medisinsk faglege rådgevar.

Kommuneoverlegen er tilsett i 100% stilling, men har jobba i 80 % dei siste åra pga doktorgradsarbeid. Frå 2017 vil me fylle 20% av med ei utdanningsstilling for lege i allmennmedisinspesialisering. Dette skjer i samarbeid med kommunane Masfjorden og Gulen. Slik vil me kunna sikra ein betre buffer ved feriar og fråvære.

Psykisk helseteneste har i tillegg til ansvar for å yte tenester for menneske med psykiske problem og lidingar også ansvar for tenester til menneske med diagnosen psykisk utviklingshemming. Kommunen har kjøpt tenester med 10 % psykologstilling frå aug 2015. Dette er eit samarbeid med Masfjorden kommune og Gulen kommune.

Me har 50 % helsesøsterstilling i kommunen, og denne stillinga vart ledig frå våren 2016. Det har vore fleire vikarar inne i stillinga. Frå 1.okt 2016 har vi fått avtale med Masfjorden kommune om kjøp av helsesøstertenester i 30 %. For å kompensere for redusert kapasitet i helsesøstertenesta, har psykisk helseteneste auka litt innsatsen mot skuleelevar.

Stillingsressurs: 5,3 årsverk (inkl psykolog)

Kommunelege: Mål 2017

- Halde på gode samarbeidsrutiner ved helsesenteret med månadlege personalmøter og ei personalsamling i året.
- Halde halvårleg øving i hjerte-lunge-redning for alle ved helsesenteret.
- Ha faglege oppdateringar med undervisningsbolker på personalmøta.

4.1.8 Teknisk etat:

Teknisk sjef – tekniske tenester

Ansvarsområdet omfattar kommunale bygg (nybygg, drift, vedlikehald). Vedlikehald av anlegg og område. Planarbeid, kart og oppmåling, byggjesaker, vatn, avlaup, vegar, brannberedskap, feiing, og landbruk/skogbruk.

Modalen kommune tilbyr all skuleungdom mellom 16 og 23 år sommarjobb. Dei som deltek på teknisk vert i hovudsak handtert av uteseksjonen ved teknisk etat.

Modalen kommune har ein stor bygningsmasse og mange utomhusanlegg. Disse anlegga vil også i åra som kjem ha trong for vedlikehald. For å hindre forfall er det naudsynt med eit kontinuerleg vedlikehald. Dette vil i tillegg til bruk av eigne ressursar også krevje innleige av eksterne firma. I budsjettframlegget er det teke omsyn til auka fokus på vedlikehald og oppgradering av VA-anlegg.

Innan teknisk sektor har det dei siste åra vore endringar innan plan og bygningslova, lov om eigedomsregistrering (matrikkellova), adresseregister og tekniske forskrifter. Modalen kommune har fokus på teoretisk og praktisk opplæring innan dette området.

Teknisk etat har ei vaktordning som vert utført av 4 personer med vakt kvar fjerde veke. Det er etablert vakttelefon der den som har vakt på kort varsel kan rykkje ut ved feil på teknisk anlegg i kommunen.

Det er i budsjettframlegget føreslege å leggje inn ei 60% stilling som gartnar, som alternativ til kjøp av tenester for gjennomføring av ulike prosjekt og driftsoppgåver.

Stillingsressurs: 631% + evt 60 % gartnar.

Brannvern

Brannvernet i Modalen kommune samarbeidar med Lindås og Meland brannvern om opplæring av brannmannskapa. 18 personar er tilsett i delstillingar i det lokale brannvernet. I dei siste åra er det lagt inn auka kostnader for brannmannskapa.

Etter drøftingar i formannskapet har rådmannen innleia drøftingar om å integrere brann og redningstenesta i Modalen som avdeling i Lindås og Meland brann og redning i løpet av 2017. Framtidige kostnader er ikkje avklara og må eventuelt justerast når avtalar er på plass. Alle kommunane i fylket er invitert til å delta i eit større brannsamarbeid i Bergensregionen. Auka kostnader med slik deltaking vil eventuelt påløpte frå 2018.

Reinholdstenesta

Stillingsressurs: 512%

Landbruk

I 2010 blei det etablert ein avtale for kjøp av tenester frå landbrukskontoret i Meland kommune. Rådgjeving og forvaltningsoppgåver innan landbruket vert ivareteke gjennom denne avtalen. Meland har også ansvaret for viltforvaltninga. I samband med bestandsplanprosjektet hjort 2013-2017 er det oppretta eit bestandsplanområde som dekker Modalen, Eksingedalen og Evanger. Vaksdal kommune er vertskommune for bestandsplanområdet, og Modalen kommune har inngått administrativt vertskommune samarbeid. Dette gjeld kunn hjort som skal fellast i ordinær jakttid. Vaksdal kommune godkjenner bestandsplaner og utsteder fellingsløyver for Modalen kommune. Modalen kommune har framleis ansvar for fallvilt (påkjørt/skada vilt). Avtalen med Meland har fungert godt og vil verte vidareført i 2017.

Modalen kommune vil halde fram med landbruksvikar i 51% stilling gjennom avtale med Landbrukstenester i Hordaland.

Stillingsressurs: Landbruksvikar 51%.

Teknisk etat - Mål for 2017:

1. Utarbeide mulighetstudie for «området mellom Trohaug og nyebrua» innan 2017.
2. Halde fram arbeidet med kompetanseheving av brannmannskap .
3. Vidareføre prosjekteringsarbeidet når det gjeld oppføring av nytt «Nærings- og tenestesenter på Mo».

4.2. Tabellar og oversyn:

Små investeringar og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet

Beløpsgrensa og reglane knytt til kva utgifter som kan førast i investeringsbudsjettet medfører behov for å ha driftsmidlar tilgjengelege. ”Investeringar” på under kr 100 000 skal ikkje førast i investeringsbudsjettet, men i driftsbudsjettet/-rekneskapen. Det same gjeld for utgifter til tiltak/prosjekt som ikkje vert vurdert å vere av «investeringsmessig karakter». Det gjeld til dømes vedlikehaldsutgift og reparasjonar. Tiltaka i oversynet vert ikkje innarbeida i dei ordinære driftsrammene til einingane og vert såleis ikkje vidareført i løyvingane for seinare år i økonomiplanperioden.

Småinvesteringar	2017
Kultur	
Bygdebok, opptrykk bind 2	233 000
Pleie og omsorg	
Diverse Modalstunet, møblar og utstyr	100 000
TV-løysing Modalstunet	60 000
Teknisk	
Utvendig maling kommunale bygg	200 000
Innkjøp av maskiner til reinhald	50 000
Rådmannen	
Til rådvelde for Formannskapet	57 000
Sum	700 000

Næring

Innanfor rammeløyvinga til rådmannen/sentraladministrasjon vert ført tilgang til, og bruk av, midlar frå næringsfondet. Årleg konsesjonsavgift, rente- og avdragsinntekt frå utlån frå næringsfondet, samt anna inntekt knytt til konsesjonsforpliktelsar, vert inntektsført. Utlån, tilskot til næring og bustad, elevstipend samt andre utgifter på næringsområdet vert utgiftsført.

Netto inntekt, dvs samla inntekt etter frådrag av utgiftene, om lag kr 3,7 millionar i framlegg til budsjett, vert avsett til næringsfondet. Dette medfører at ansvarsområdet samla gjev null i resultat og vert ikkje synleg i budsjetttramma til rådmannen /sentraladm. Dette er eit viktig område for kommunen og vert difor synt på detaljnivå i tabellen under:

		Budsj.vedtak	Justert budsj	Reknesk
Ansvar:	1600 NÆRING	2017	2016	2015
Teneste:	2830 BISTAND TIL BUSTADER			

14700	TILSKOT/STØNAD	400 000	800 000	453 590
19400	BRUK AV DISPOSISJONSFOND	-400 000	-800 000	-453 590
	Sum teneste: 2830 BISTAND TIL BUSTADER	0	0	0
Teneste:	3200 KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD			
12700	KONSULENT-/ADVOKATTENESTER	27 950	0	26 875
14290	MVA-UTGIFT (UTANOM INNG MVA)	6 920	0	6 719
15400	AVSETJING TIL DISPOSISJONSFOND	33 820	80 000	31 825
16500	SALSINNTEKT MVA-PLIKTIG	-68 690	-80 000	-65 419
	Sum teneste: 3200 KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD	0	0	0
Teneste:	3250 TILRETTELEGGING/BISTAND FOR NÆRINGSLIVET			
10100	FAST LØNN	123 000	0	0
10900	KLP	23 124	0	0
10990	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	18 996	0	0
11202	DIVERSE UTGIFTER	30 000	30 000	0
11401	INFORMASJON/MARKNADSFØRING	50 000	50 000	0
11900	HUSLEIGE/GRUNNLEIGE	50 000	55 800	54 810
12400	SERVICE- OG DRIFTSAVTALAR	7 146	0	6 871
12700	KONSULENT-/ADVOKATTENESTER	50 000	100 000	0
14290	MVA-UTGIFT (UTANOM INNG MVA)	15 883	12 000	15 420
14700	TILSKOT/STØNAD	2 000 000	2 000 000	1 323 264
15200	UTLÅN DRIFT	400 000	500 000	0
15400	AVSETJING TIL DISPOSISJONSFOND	6 218 631	6 030 000	6 692 868
16301	ANNA UTLEIGEINNTekt	-18 270	-15 000	-17 400
18300	OVERFØRING FRÅ FYLKET	-19 080	0	-18 000
18770	KONSESJONSAVGIFT	-5 300 000	-5 200 000	-5 264 143
18900	OVERFØRING FRÅ PRIVATE	-269 150	-250 000	-253 915
19000	RENTEINNTekt UTLÅN	-66 299	-80 000	-62 546
19200	MOTTEKNE AVDRAG PÅ UTLÅN	-1 179 000	-500 000	-1 112 264
19400	BRUK AV DISPOSISJONSFOND	-2 134 981	-2 732 800	-1 364 966
	Sum teneste: 3250 TILRETTELEGGING/BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	0	0	0
	Sum ansvar: 1600 NÆRINGSKONSULENT	0	0	0

Når det gjeld bruken av næringsfondet, er det investeringsutgifter som årleg belastar fondet mest. Dersom eit investeringstiltak er innanfor det som næringsfondet kan brukast til, jfr retningslinene for fondet, kan ein finansiere tiltaket ved bruk av næringsfondet. Andre utgifter må finansierast med andre fondsmidlar, overføring frå driftsrekneskapen eller anna inntekt.

Næringsfondet har pr 31.12.15 ein saldo på om lag kr 10,8 millionar, utanom grunnkapitalen på kr 2 millionar. Det er viktig å vere merksam på at næringsfondet er ein del av dei frie fondsmidlane til kommunen og at dei er klassifisert som disposisjonsfond. Det betyr at dei ikkje er bundne fondsmidlar. Det er kommunestyret som disponerer dei, sjølv om ein må avgrense bruken til tiltak som er i samsvar med retningslinene.

Budsjettskjema 1A/1B

Tabellen er ein obligatorisk oppstilling i budsjettvedtaket for driftsbudsjettet og syner budsjett med sentralt førte inntektspostar, finanspostar, samt fondsbruk og avsetjing til fond (1A), og løyvingane til rammeområda (1B). I tillegg til dei sentralt førte postane som er ført i tabell 1A kan det vera finanspostar, bruk av fond og avsetjing til fond som ikkje er med i skjema 1A. Dei postane vil i så fall inngå i rammeløyvingane som er vist i skjema 1B. Sjå tabell 4.2.4 for inntekts- og utgiftsoversyn samla for kommunen.

Tabellen er halde i faste 2017-kr. I dei 3 siste åra i planperioden 2018-2020 er det lagt til grunn same realnivå for skatt og rammetilskot som i 2017.

I vedtaket er rammene redusert med samla med kr 0,9 mill i høve til budsjettframskrivinga som er gjort av einingane. Det er lagt til grunn at premieavviksinntekt vert sett av til eige fond, som skal brukast når inntekta skal utgiftsførast overdei neste 7 åra. Det vert sett av kr 700 000 samla til småinvesteringar som skal innarbeidast i rammene, men det er ikkje funnet rom for generell avsetjing til disp.fond, utover avsetjing til næringsfondet. Framlegget gjev eit netto driftsresultat på kr 5,8 millionar. Merk at mykje av dette kjem frå inntekt som setjast av til næringsfondet, samt premieavviksinntekt.

	Rekneskap	Budsjett	2017 kr Budsj.vedtak	2017 kr Øk.plan	2017 kr Øk.plan	2017 kr Øk.plan
Budsjettskjema 1A:	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Skatt på inntekt og formue	8 350 845	8 800 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000
Ordinært rammetilskudd	16 117 394	16 794 000	20 200 000	20 200 000	20 200 000	20 200 000
Skatt på eiendom	22 823 095	20 964 131	19 410 000	15 810 000	14 610 000	12 310 000
Andre direkte eller indirekte skatter	14 312 584	15 539 000	14 700 000	14 700 000	14 700 000	14 700 000
Andre generelle statstilskudd	147 690	154 500	150 000	150 000	150 000	150 000
Sum frie disponible inntekter	61 751 608	62 251 631	63 460 000	59 860 000	58 660 000	56 360 000
Renteinntekter og utbytte	732 402	592 300	450 000	439 024	428 316	417 870
Gevinst finansielle instr	53 435	175 100	100 000	97 561	95 181	92 860
Renteutg.,provisjoner, andre fin.utg.	799 496	840 000	450 000	439 024	428 316	417 870
Avdrag på lån	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 463 415	1 427 722	1 392 899
Netto finansinnt./utg.	-1 513 659	-1 572 600	-1 400 000	-1 365 854	-1 332 540	-1 300 039
Til ubundne avsetninger	1 595 910	214 980	0	604 146	267 460	
Til amortiseringsfond premieavvik			1 550 000	-800 000	-1 000 000	0
Til bundne avs	42 504	0	0	0	0	0
Bruk av tidligere års mindreforbruk	1 595 910		0	0	0	0
Bruk av ubundne avs	770 000					
Bruk av bundne avs		0	0	0	0	750 000
Netto avsetninger	727 496	-214 980	-1 550 000	195 854	-267 460	750 000
Overført til investeringsregnskapet		0	0	0	0	0
Til fordeling drift	60 965 445	60 464 051	60 510 000	58 690 000	57 060 000	55 810 000
Sum fordelt til drift (fra 1B)	58 156 991	60 464 051	60 510 000	58 690 000	57 060 000	55 810 000
Reknesk meir-/mindreforbruk	2 808 454	0	0	0	0	0

Løyvingane til rammeområda for 2018-2020 er i tabellen saldert/reduisert kvart einaste år utover. Kva tiltak som skal iverksetjast for å drive i tråd med desse rammene er ikkje konkretisert i denne planen. Reduksjonane synleggjer eit behov for reduksjonar. Konkrete tiltak for å justere drifta til dette, vil ein såleis komme tilbake til i samband med kvar einskild budsjettprosess i åra framover. Tala er som nemnt i faste 2017-kr i alle år, slik at reduksjonane er reelle storleikar.

				2017 kr	2017 kr	2017 kr
	Rekneskap	Budsjett	Budsj.vedtak	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
Budsjettskjema 1B:	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Rådmann/sentraladm	13 130 561	13 780 300	13 800 000	13 450 000	13 250 000	13 000 000
Kultur	3 194 569	3 076 100	2 950 000	2 850 000	2 750 000	2 500 000
Sosial og barnevern	653 174	827 700	781 703	700 000	700 000	600 000
Skule	10 168 444	10 848 064	10 750 000	10 350 000	10 150 000	10 000 000
Barnehage	4 285 619	4 942 195	4 900 000	4 700 000	4 700 000	4 500 000
Pleie og omsorg	12 496 197	14 298 800	14 250 000	13 850 000	13 550 000	13 250 000
Kommunelege	4 407 175	4 435 000	4 900 000	4 850 000	4 850 000	4 700 000
Teknisk etat	11 731 893	12 090 692	11 650 000	11 350 000	11 250 000	11 000 000
Småinvesteringar		0	700 000	500 000	500 000	0
Sentrale postar	-1 910 641	-3 834 800	-4 171 703	-3 910 000	-4 640 000	-3 740 000
	58 156 991	60 464 051	60 510 000	58 690 000	57 060 000	55 810 000

Spesifikasjon sentrale postar i skjema 1B:

Premieavvik	391 857	-1 250 000	-1 550 000	-1 170 000	-1 900 000	-1 000 000
Mva-kompensasjon	-2 601 442	-2 600 000	-2 740 000	-2 740 000	-2 740 000	-2 740 000
Anna	298 944	15 200	118 297			
Sum	-1 910 641	-3 834 800	-4 171 703	-3 910 000	-4 640 000	-3 740 000

Alternativ til budsjettvedtaket:

Det er skissert ulike alternativ som har vore vurdert i høve til tilpassinga av budsjettet for 2017. I tabellen lenger nede er dei ulike alternativa synt. Sjå korte kommentarar under til kvart einskild alternativ

Alternativ i tråd med framskriving:

Salderer budsjettet med bruk av premieavviksinntekt kr 1,55 mill.

Ingingting til småinvesteringar. Småinvesteringar må såleis finansierast innanfor dei gjevne rammene, og kjem ikkje i tillegg.

Generell avsetjing til disposisjonsfond kr 0,6 millionar

Netto driftsresultat kr 4,7 mill. (Det meste frå næringsfondsinnntekt som ikkje vert brukt, men avsett, samt premieavviksinntekt)

Alternativ B:

Her reduserast rammene til tenestoområda med ytterlegare kr 0,9 millionar i høve til budsjettinnstillinga.

Premieavviksinntekta kr 1,55 millionar vert sett av til eige fond som skal brukast når inntekta skal utgiftsførast/amortiserast dei neste 7 åra.

Det vert sett av kr 500 000 samla til småinvesteringar.

Det vert løyvd kr 1 million i generell avsetjing til disposisjonsfond, i tillegg til avsetjing til næringsfondet.

Netto driftsresultat vert kr 7,1 mill (Mykje av dette frå næringsfondsinnntekt som ikkje vert brukt, men avsett, samt premieavviksinntekt)

Alternativ C:

Her reduserast rammene med ytterlegare kr 0,8 millionar i høve til Alternativ B.

Premieavviksinntekt kr 1,55 millionar vert sett av til eige fond som skal brukast når inntekta skal utgiftsførast/amortiserast over dei neste 7 åra.

Det vert sett av kr 600 000 samla til småinvesteringar.

Det vert løyvd kr 1,8 millionar i generell avsetjing til disposisjonsfond, i tillegg til avsetjing til næringsfondet.

Netto driftsresultat vert kr 8,0 millionar. (Mykje av dette kjem frå næringsfondsinnkomst som ikkje vert brukt, men avsett, samt premieavviksinnkomst)

Tabell med ulike alternativ som har vore vurdert:

Budsjettskjema 1A:	Rekneskap	Budsjett	2017 kr	2017 kr	2017 kr	2017 kr
			Framskriving	Budsj.vedtak	Alt B	Alt C
	2015	2016	2017	2017	2017	2017
Skatt på inntekt og formue	8 350 845	8 800 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000
Ordinært rammetilskudd	16 117 394	16 794 000	20 200 000	20 200 000	20 200 000	20 200 000
Skatt på eiendom	22 823 095	20 964 131	19 410 000	19 410 000	19 410 000	19 410 000
Andre direkte eller indirekte skatter	14 312 584	15 539 000	14 700 000	14 700 000	14 700 000	14 700 000
Andre generelle statstilskudd	147 690	154 500	150 000	150 000	150 000	150 000
Sum frie disponible inntekter	61 751 608	62 251 631	63 460 000	63 460 000	63 460 000	63 460 000
Renteinntekter og utbytte	732 402	592 300	450 000	450 000	450 000	450 000
Gevinst finansielle instr	53 435	175 100	100 000	100 000	100 000	100 000
Renteutg.,provisjoner, andre fin.utg.	799 496	840 000	450 000	450 000	450 000	450 000
Avdrag på lån	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Netto finansinnt./utg.	-1 513 659	-1 572 600	-1 400 000	-1 400 000	-1 400 000	-1 400 000
Til ubundne avsetninger	1 595 910	214 980	628 203	0	1 000 000	1 849 226
Til amortiseringsfond premieavvik				1 550 000	1 550 000	1 550 000
Til bundne avsetjingar	42 504	0	0	0	0	0
Bruk av tidligere års mindreforbruk	1 595 910		0	0	0	0
Bruk av ubundne avs	770 000					
Bruk av bundne avs		0	0	0	0	0
Netto avsetninger	727 496	-214 980	-628 203	-1 550 000	-2 550 000	-3 399 226
Overført til investeringsregnskapet		0	0	0	0	0
Til fordeling drift	60 965 445	60 464 051	61 431 797	60 510 000	59 510 000	58 660 774
Sum fordelt til drift (fra 1B)	58 156 991	60 464 051	61 431 797	60 510 000	59 510 000	58 660 774
Reknesk meir-/mindreforbruk	2 808 454	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 1B:	Rekneskap	Budsjett	Framskriving	Budsj.vedtak	Alt B	Alt C
Rådmann/sentraladm	13 130 561	13 780 300	14 039 476	13 800 000	13 700 000	13 494 500
Kultur	3 194 569	3 076 100	3 062 568	2 950 000	2 900 000	2 856 500
Sosial og barnevern	653 174	827 700	799 855	781 703	731 703	720 727
Skule	10 168 444	10 848 064	10 939 990	10 750 000	10 550 000	10 391 750
Barnehage	4 285 619	4 942 195	5 079 394	4 900 000	4 800 000	4 728 000
Pleie og omsorg	12 496 197	14 298 800	14 593 939	14 250 000	14 100 000	13 888 500
Kommunelege	4 407 175	4 435 000	4 965 000	4 900 000	4 950 000	4 875 750
Teknisk etat	11 731 893	12 090 692	12 080 309	11 650 000	11 550 000	11 376 750
Småinvesteringar		0		700 000	500 000	600 000
Sentrale postar	-1 910 641	-3 834 800	-4 128 734	-4 171 703	-4 271 703	-4 271 703
	58 156 991	60 464 051	61 431 797	60 510 000	59 510 000	58 660 774

Økonomisk oversikt drift

Økonomisk oversikt drift viser grupperte inntekts- og utgiftspostar for heile kommunen samla. I oversikten finn ein m.a. netto driftsresultat som er det viktigaste resultatmgrepet for å vurdere resultat og budsjettert resultat i ein kommune, og som syner resultatet av dei løpande inntektene og utgiftene.

Det er for 2017 budsjettert med eit **netto driftsresultat på kr 5,8 millionar** som er 6,5 % av driftsinntektene.

Økonomisituasjonen for kommunen vert strammare. Det er såleis positivt å budsjettere med eit godt netto driftsresultat. Budsjettert avsetjing til disposisjonsfond utanom næringsfondet er kr 1,55 millionar og gjeld avsetjing til amortiseringsfond for premieavvik. Dette skal altså nyttast til å dekke utgiftsføringa/amortiseringa av premieavviket fordelt over dei neste 7 åra. Netto avsetjing til næringsfondet er, som synt i avsnittet om næringsfondet, om lag kr 4 millionar. Næringsfondet er definert som eit disposisjonsfond, men har likevel avgrensingar på bruken.

Justert netto driftsresultat:

Det må peikast på at netto driftsresultat er finansiert med kr 1,55 millionar i premieavvik frå pensjon. Premieavviksinntekt skal amortiserast/utgiftsførst fordelt over 7 år, og gjev såleis høgare utgift seinare år. Dersom ein korrigerer/justerer netto driftsresultat for premieavviksføringa, samt netto avsetjing til bundne fond, får ein eit **justert netto driftsresultat for 2017 på kr 3,8 millionar**.

Økonomisk oversikt drift 2015 – 2017:

	Rekneskap	Budsjett	Budsj.vedtak
	2015	2016	2017
Driftsinntekter			
Brukerbetalinger	2 322 197	2 095 900	2 108 059
Andre salgs- og leieinntekter	4 303 657	4 362 700	4 510 805
Overføringer med krav til motytelse	14 471 780	10 197 000	10 172 118
Rammetilskudd	16 117 394	16 794 000	20 200 000
Andre statlige overføringer	349 690	1 470 500	3 004 120
Andre overføringer	425 722	398 300	299 402
Skatt på inntekt og formue	8 350 845	8 800 000	9 000 000
Eiendomsskatt	22 823 095	20 964 131	19 410 000
Andre direkte og indirekte skatter	19 576 727	20 739 000	20 000 000
Sum driftsinntekter	88 741 107	85 821 531	88 704 504

Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	42 667 563	42 763 483	44 459 652
Sosiale utgifter	10 454 836	11 823 468	11 335 172
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	16 906 190	15 957 900	15 870 365
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	3 928 293	4 260 200	5 022 470
Overføringer	7 198 161	6 872 400	7 145 468
Avskrivninger	6 625 612	6 884 800	6 625 611
Fordelte utgifter	-1 262	-600	-1 473 288
Sum driftsutgifter	87 779 395	88 561 651	88 985 450
Brutto driftsresultat	961 712	-2 740 120	-280 946

Finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	795 345	692 900	516 299
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	53 435	175 100	100 000
Mottatte avdrag på utlån	1 177 916	520 600	1 248 591
Sum eksterne finansinntekter	2 026 696	1 388 600	1 864 890
Finansutgifter			
Renteutgifter og låneomkostninger	802 504	840 000	452 627
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-
Avdrag på lån	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Utlån	64 750	530 800	464 750
Sum eksterne finansutgifter	2 367 254	2 870 800	2 417 377
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-340 558	-1 482 200	-552 487
Motpost avskrivninger	6 625 612	6 884 800	6 625 611
Netto driftsresultat	7 246 766	2 662 480	5 792 178

Interne finanstransaksjoner			
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	1 595 910	-	-
Bruk av disposisjonsfond	2 838 556	3 532 800	2 534 981
Bruk av bundne fond	290 931	336 500	108 538
Sum bruk av avsetninger	4 725 396	3 869 300	2 643 519
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00
Avsetjing		214 980	
Avsatt til disposisjonsfond	8 320 603	6 150 000	7 802 451
Avsatt til bundne fond	843 106	166 800	633 246
Sum avsetninger	9 163 709	6 531 780	8 435 697
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	2 808 453,25	0,00	0,00

5. Investeringar

Samla investeringsutgift vert kr 5 millionar i 2017, mot kr 4,9 millionar i opprinneleg vedteke budsjett for 2016. Nivået på investeringane må over tid sjåast i høve til storleiken på resultat og avsetjingar til fond frå drifta. Når driftssituasjonen vert strammare og tilførsel til fond avtar, vert handlefridomen og høvet til eigenfinansiering av investeringar dårlegare.

Investeringsutgiftene vert finansiert med eigne fondsmidlar, delfinansiering frå mva-kompensasjon, evt tilskot og noko låneopptak siste året i planen. Sjå hovudoversikt 2A – Investering lenger nede.

Den samla økonomiske situasjonen har medført behov for å avgrense investeringsnivået i planperioden.

5.1.Oversyn over investeringar – budsjettskjema 2B


Investeringsoversyn 2017-2020	2017	2018	2019	2020
Mulighetsstudie/Områdeplan Trohaug - Otterstad	400 000	2 000 000		
Oppgradering fellesarealer Modalstunet	500 000			
Avsetjing til service- næringsbygg / kommunehus	2 000 000	1 700 000	2 500 000	2 500 000
Avfallsskur – Modalstunet, skule, kommunehus	200 000	300 000		
Diverse investeringar innan vatn og avløp	-	200 000	200 000	
Oppgradering kommunale bustader	300 000	200 000	300 000	300 000
Asfaltering kommunale vegar og plassar	500 000			
Nytt ventilasjonsanlegg bustadar Mo		150 000		
Lift	450 000			
Lysløyper/turløyper	250 000	200 000	250 000	250 000
Nytt kjøkken i barnehagen		250 000		
Autovern til kommunale vegar	400 000			
Sum større investeringar	5 000 000	5 000 000	3 250 000	3 050 000

5.2.Budsjettskjema 2A – Investering


	Rekneskap	Budsjett	Budsj.vedtak	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
Budsjettskjema 2A - investering	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Investeringar i anleggsmidler	12 488 462	4 940 000	3 000 000	3 300 000	750 000	550 000
Utlån og forskutteringar	350 525	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Kjøp av aksjer og andelar	163 576	170 000	170 000	170 000	170 000	170 000
Avdrag på lån	214 900	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Avsetningar			2 000 000	1 700 000	2 500 000	2 500 000
Årets finansieringsbehov	13 217 463	5 710 000	5 770 000	5 770 000	4 020 000	3 820 000
Finansiert slik:						
Bruk av lån - investeringar			0	0	0	0
Bruk av lån - formidlingslån	350 000	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	190 000					
Tilskudd til investeringar	450 000					
Mva-kompensasjon	2 138 020	418 000	400 000	400 000	50 000	50 000
Mottatte avdrag på lån og refusjoner	140 689	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Andre inntekter	0	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum ekstern finansiering	3 268 709	1 118 000	1 100 000	1 100 000	750 000	750 000
Overført fra driftsbudsjettet	0	0	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	9 948 753	4 592 000	4 670 000	4 670 000	3 270 000	3 070 000
Sum finansiering	13 217 463	5 710 000	5 770 000	5 770 000	4 020 000	3 820 000
Udekket/udisponert	0	0	0	0	0	0

5.3.Fondsmidler og lånegjeld – utvikling

Diagrammet for ubundne fondsmidler under syner utvikling i samla frie fondsmidler fram til og med 2016. Ein ser at ein har auka fondskapitalen frå eit lågt nivå pr 1.1.11.



For åra utover i planperioden er det synt utvikling i fondsmidlane i diagrammet under, der ein syner Sum disposisjonsfond, og splittar dette opp i Næringsfondet (utanom grunnkapitalen), Generelt disposisjonsfond og Fond øymerka service-/næringsbygg. Dei heilt frie midlane er synt med Generelt disp.fond. Desse vert brukt opp i løpet av planperioden. Ein ser òg at storleiken på næringsfondet går nedover heile planperioden, men ikkje veldig mykje, då det ligg lite investeringar inne i planen på slutten av perioden.



Sum disposisjonsfond vil vere aukande i perioden fordi investeringsplanen for åra er svært beskjedne, og fordi ein får ein flytting av midlar til fondet som er øymerka til service-/næringsbygg. Handlefridomen til å finansiere andre tiltak/prosjekt i planperioden vil såleis

verte sterkt avgrensa, og det er svært knapt med generelle disposisjonsfondsmidlar til å finansiere andre tiltak som kan verte vurdert i åra som kjem.

Det må likevel presiserast at midlane som er øyremerka til service-/næringsbygg reelt sett er næringsfondsmidlar, men er i oppsettet vist slik ein planlegg å øyremerke/avsetje i planperioden. I den grad dei ikkje er nytta, vil det til ein kvar tid vere opp til kommunestyret å omdisponere til anna føremål som næringsfondet kan nyttast til.

5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet

I økonomiplanen er det lagt vekt på å halde investeringane i perioden på eit nivå som er tilpassa kommunen si økonomiske evne.

Investeringslista er på kr 5,0 millionar både for 2017 og 2018, og enno lågare dei 2 siste åra i planen. Det vert venta ein strammare driftssituasjon med svakare driftsresultat framover. Det vil såleis vere viktig med ei stram prioritering.

Tilrettelegging for bustadareal

Arealplan og kommuneplanen 2015 – 2026 for Modalen kommune vart vedteken av kommunestyret i sak 033/2015, med ein føresetnad av at det skulle utarbeidast ein områdeplan for Trohaug – Otterstadorrådet.

Budsjettert kostnad 2017	kr 400 000 til førebuande planlegging
Budsjettert kostnad 2018	kr 2 000 000 til tomtekjøp, opparbeiding m.m.

Avsetning til nytt nærings- og tenestesenter / alternativ rehabilitering kommunehus

Det vart i 2013 utført ei vurdering av kommunehuset. Kommunestyret tinga i 2014 sak for vurdering av bygging av eit nytt kontorbygg for offentleg / privat verksemd. Eit skisseprosjekt vart utarbeida i 2015 og vart lagt fram for kommunestyret i november 2015. Oppfølging av planar vert føresett avklara i 2017.

Skissert finansiering for dette prosjektet er basert på ein eigenkapital (oppsparte fondsmidlar) med kr 10 millionar. Dersom det ikkje vert planlagt eit nytt bygg så må det gjerast noko med eksisterande bygning. Det vart i 2013 set av kr 1 500 000 til føremålet. Midlar av dette vart nytta til planarbeid som vart gjort i 2015. Det er sett av kr 2 000 000 til føremålet i 2016.

Budsjettert kostnad i 2017 kr 2 000 000 som avsetning til føremålet. Avsetjing held fram i planperioden.

Oppgradering fellesareal Modalstunet

Det er trong for oppgradering av fellesareal i arbeidstove og fellesstove. Måling av tak og vegger, nytt golv og møblar.

Budsjettert kostnad i 2017 kr 500 000.

Avfallsskur

Forsikringsselskapet krev at avfallsdunkar ikkje står nærmare enn 8 meter frå offentlege bygg. Det er behov for avfallsskur på Modalstunet, Mo skule og kommunehuset .

Budsjettert kostnad i 2017 kr 200 000.

Budsjettert kostnad i 2018 kr 300 000.

Oppgradering av kommunale bygg

Modalen kommune har i dag 31 bueiningar, av varierende alder og kvalitet. Innvendig vedlikehald av bustadane har stort sett vorte utført når desse har stått ledige. For dei eldste bustadane har vi eit etterslep på både utvendig og innvendig vedlikehald.

Det vert planlagt sett av midlar kvart år i økonomiplanen til rehabilitering/oppgradering.

Budsjettert kostnad i 2017 kr 300 000.

Budsjettert kostnad i 2018 kr 200 000.

Budsjettert kostnad i 2019 kr 300 000.

Budsjettert kostnad i 2020 kr 300 000.

Asfaltering kommunale vegar og plassar

Asfaltering av rullestolveg rundt Modalstunet. Asfaltlegging og oppgradering av uteområde mot elva. Gjev betre tilkomst for brukarar på Modalstunet med hjelpemidlar og eit skjerma område for brukarane. Asfaltering av parkeringsplass på Mo skule og asfaltering mellom Helsebygget og Coop-butikken i Mo sentrum.

Budsjettert kostnad i 2017 kr 500 000

Nytt ventilasjonsanlegg i bustader på Mo og på Kleivane

Ventilasjonsanlegga i bustadane er defekt og difor ikkje i bruk. Det kan verta store konsekvensar ved å ikkje ventilera bustadene. Fukt og forureiningar vert ikkje ventilerert bort, noko som kan føre til mugg og soppdanning. Kondensskade på bygning er ein annan konsekvens. Dette kan oppstå både inne i bustaden og i kanalnett med stillestående luft. Når dette oppstår inne i kanalnettet vil det ikkje verta oppdaga før kondensvatn kjem inn bustad gjennom innertak eller via takventilar. I desse kanalane vil det og vera stor fare for sopp og mugg. Me kjenner til liknande tilfelle som har medført store økonomiske løft for å setja bustad i stand att. Byggeigar er ansvarleg for at byggeforskrifta er ivaretatt. I 2016 vart det satt av ei løyving på kr 150 000. Tre av omsorgsbustadene på Mo blei oppgradert i 2016 med nytt ventilasjonsanlegg. Det gjenstår ein omsorgsbustad på Mo og ein bustad på Kleivane.

Budsjettert kostnad i 2018 kr 150 000

Investering i ny lift

Modalen kommune har ein lift, Dino 125T, årsmodell 2000 som no er defekt. Det har vore prøvd å få reparert liften utan at det har lykkast. Det er derfor behov for å investere i ein ny lift. Vaktmeistrane er avhengig av liften i deira arbeid.

Budsjettert kostnad i 2017 kr 450 000

Diverse investeringar innan vatn og avløp / VA - Vatn og avlaupsplan

Vatn og avløpsanlegga i Modalen kommune treng kontinuerleg oppgradering. Det oppstår stadig vekk driftsavgjort som krev rask innsats. Døme på slike avgjort er avgjort på hovudvassleidning, problem med djupvasspumper og styring av desse, og problem med reinseanlegg. Desse hendingane krev ofte innleige av eksterne ressursar slik som maskinar, transport, røyrleggjar og elektrikar. Uføresette avgjort vert føresett dekkja innan ordinær drift i 2017.

VA-planen er frå 1998 og det bør utarbeidast ein revidert VA-plan med oversyn over status og plan for oppgradering av ledningsnettet. Det er ikkje administrativ kapasitet til utarbeide slik plan i 2017.

Vi har derfor sett av eit årleg beløp til oppgradering for kvart år i perioden frå 2018.

Lysløyper / turløyper

Det er i heile planperioden sett av midlar til å utvikle og opparbeide tilbodet med turløyper. Dette vil vere eit viktig folkehelseiltak for alle aldersgrupper. Det bør utarbeidast prosjektplanar i samarbeid med idrettslag, vellag og grunneigarar, og søkjast ekstern samfinansiering.

Aktuelle prosjektområde:

Turstiar på Nygard i samarbeid med hytteforening / vellag.

Turveg Helland – Mo, alternativ sykkelveg / lysløype for ski vinterstid

Øvre Helland

Nytt kjøkken i barnehagen

I Modalen barnehage er det trong for å bytta ut det gamle kjøkkenet. Det gamle har preg av stor slitasje. Kjøkkenet er i bruk kvar dag når barnehagen er open.

Budsjettert kostnad i 2018 kr 250 000

Autovern til kommunale vegar

Nygårdsvegen og vegen opp til Helland har trong for autovern, då det er strekningar der det kan vere fare for utforkøyning.

Budsjettert kostnad i 2017 kr 400 000

5.5. Utfyllande kommentarar til framlagt liste over prioriterte og uprioriterte småinvesteringar

Som tidlegare kommentert er det ei beløpsgrense for kva som skal førast i investeringsbudsjettet. I samsvar med etablert praksis er det utarbeida ei liste over mindre investeringar, prosjekt og tiltak som ikkje inngår i den ordinære årlege drift og som heller ikkje kan klassifiserast som investeringar. Tiltaka i oversynet vert ikkje innarbeida i dei ordinære driftsrammene til einingane og vert såleis ikkje vidareført i løyvingane for seinare år i økonomiplanperioden. Dette er med å gje både betre oversyn og kontroll av driftsøkonomien både for rådmannen og for kommunestyret.

Rådmannen har føreteke ei prioritering av ønskje om realisering av tiltak i 2017 innan ei total ramme stor kr 700.000. Desse utgiftene er i rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett innarbeida i dei økonomiske oversyna for 2017.

Småinvesteringar Kultur

Nytt opptrykk av bygdeboka bind 2 – kr 233 000.

Småinvesteringar Pleie og omsorg

Diverse møblar og utstyr til Modalstunet – rund sum kr 100 000.

Det er meldt om trong til utskifting av større maskiner på kjøkken og vaskeri grunna alder og slitasje, men dette er ikkje prioritert.

TV-løysing Modalstunet – kr 60 000.

Det må etablerast nytt tilbod for pasientrom og i fellesareal.

Småinvesteringar Teknisk

Utvendig maling kommunale bygg – rund sum kr 200 000.

Innkjøp av maskiner til reinhald - kr 50 000

Opplæring brannmannskap – ikkje sett av midlar, men finansierast gjennom ordinær drift samt gjennom tiltak ved ny brannordning.

Feiing/kantklipping kommunale vegar – ikkje sett av midlar, men ved behov finansierast gjennom ordinær drift

Småinvesteringar Rådmann

Til rådvelde for Formannskapet – rund sum kr 57 000.